

Tilråding

Forskrift om vern av Kudalen naturreservat, Stad kommune, Vestland fylke

Fastsett ved kongeleg resolusjon xx.xx.2021 med heimel i lov 19. juni 2009 nr. 100 om forvaltning av naturens mangfald (naturmangfaldlova) § 34 jf. § 37 og § 62. Fremja av Klima- og miljødepartementet.

§ 1. (føremål)

Føremålet med naturreservatet er å ta vare på ei sørvendt fjordside frå fjord til fjell som inneheld trua, sjeldan eller sårbar natur, med eit mangfald av artar, vegetasjonstypar og økologiske prosessar. Området har gamal furuskog med bjørk og osp, og mykje trelevande lav.

Det er ei målsetjing å ta vare på verneverdiane i mest mogleg urørd tilstand, med stadeigne artar og naturtypar og naturleg skogdynamikk, og eventuelt vidareutvikle dei.

§ 2. (geografisk avgrensing)

Naturreservatet vedkjem følgjande gnr./bnr.:

Stad kommune: 18/1, 18/2, 18/3 og 18/4.

Naturreservatet dekkjer eit totalareal på 1600 dekar. Grensene for naturreservatet går fram av kart datert Klima- og miljødepartementet xx.xx.2021. Dei nøyaktige grensene for naturreservatet skal merkast i marka. Knekkpunktta skal koordinatfestast.

Verneforskrifta med kart vert oppbevart i Stad kommune, hos Statsforvaltaren i Vestland, i Miljødirektoratet og i Klima- og miljødepartementet.

§ 3. (vernereglar)

I naturreservatet må ingen gjere noko som skadar verneverdiane som går fram av føremålet med vernet.

I naturreservatet gjeld følgjande vernereglar:

- a) Vegetasjonen, medrekna daude buskar og tre, er verna mot skade og øydelegging. Det er forbode å fjerne planter og sopp, inkludert lav eller deler av disse, frå naturreservatet. Planting eller såing av tre og annan vegetasjon er forbode.
- b) Dyrelivet, medrekna reirplassar og hiområde, er verna mot skade, øydelegging og unødige forstyrring. Utsetting av dyr er forbode.
- c) Det må ikkje settast i gong tiltak som kan endre naturmiljøet, som f.eks. oppføring av bygningar, anlegg, gjerder, andre varige eller mellombelse innretningar, parkering av campingvogner, brakker e.l., opplag av båtar, framføring av luftleidningar, jordkablar, kloakkleidningar, bygging av veger, drenering eller anna form for tørrlegging, uttak, oppfylling eller lagring av masse, utføring av kloakk eller anna konsentrert ureining, etterlating av avfall, gjødsling, kalking eller bruk av kjemiske plantevern- eller skadedyrmiddel. Forsøpling er forbode. Opplistinga av tiltak er ikkje uttømande.
- d) Bruk av naturreservatet til større arrangement er forbode.

§ 4. (generelle unntak frå vernereglane)

Vernereglane i § 3 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Sanking av bær, nøtter og matsopp.
- b) Jakt og fangst i samsvar med gjeldande lovverk.
- c) Bålbrenning med tørrkvist frå bakken eller med ved utanfrå reservatet, i samsvar med gjeldande lovverk.
- d) Beiting med eit beitebelegg som ikkje skadar verneverdiane.
- e) Oppsetting av mellombelse, mobile jakttårn for storviltjakt.
- f) Varsam rydding av småbuskar og kvist i etablerte siktgater i samband med storviltjakt.
- g) Vedlikehald av eksisterande bygningar og anlegg i samsvar med tilstanden på vernetidspunktet.
- h) Felling av store rovdyr i samsvar med gjeldande lovverk.
- i) Varsam rydding og vedlikehald av eksisterande stiar jf. tilstanden på vernetidspunktet.

- j) Drift og vedlikehold, samt istandsetting ved akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg inntil verneområdet.

§ 5. (regulering av ferdsel)

All ferdsel skal skje varsamt og ta omsyn til vegetasjon, dyreliv og kulturminne.

I naturreservatet gjeld følgjande reglar om ferdsel:

- a) Motorferdsel er forbode, medrekna landing og start med luftfartøy.
- b) Utanom stien vist på vernekartet er bruk av sykkel, hest og kjerre, og riding er forbode.

§ 6. (generelle unntak frå ferdselsreglane)

Ferdselsreglane i § 5 er ikkje til hinder for gjennomføring av militær operativ verksemd og tiltak i samband med ambulanse-, politi-, brannvern-, rednings- og oppsynsaugemed, og gjennomføring av skjøtsels- og forvaltningsoppgåver som er bestemt av forvaltningsstyresmakta. Unntaket gjeld ikkje øvingsverksemd.

Ferdselsreglane i § 5 andre ledd er ikkje til hinder for:

- a) Naudsynt motorferdsel i samband med uttransport av sjuke og skadde bufe. Køyretøy som vert nytta skal være skånsamt mot markoverflata. Ansvarleg naturoppsyn for verneområdet skal ha melding i førekant av køyring.
- b) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med lett beltekøyretøy som ikkje set varige spor i terrenget.
- c) Landing og start med Forsvaret sine luftfartøy.
- d) Naudsynt motorferdsle i samband med akutt utfall eller fare for akutt utfall på eksisterande energi- og kraftanlegg. Ved bruk av motorisert transport skal det i etterkant sendast melding til forvaltingsmynde.

§ 7. (spesifiserte dispensasjonsreglar)

Forvaltningsstyresmakta kan etter søknad gi dispensasjon til:

- a) Tiltak i samband med forvaltning av vilt og fisk.
- b) Istandsetjing og vedlikehold og skjøtsel av kulturminne.
- c) Avgrensa bruk av naturreservatet for aktivitetar nemnt i § 3 d.
- d) Naudsynt uttransport av felt elg og hjort med anna motorisert transport enn lett beltekøyretøy nemnt i § 6 andre ledd b.
- e) Merking og rydding av nye stiar og oppsetting av turpostar.
- f) Oppsetting og vedlikehold av gjerde i samband med 4 d.
- g) Kontrollert hogst av tre som er til ulempe for hytte og anlegg.
- h) Utplassering av saltstein i samband med beiting som omtalt i § 4 d.
- i) Naudsynt transport av ved, material og utstyr til hytta ved Kudalsvatnet og til Dalssætra.
- j) Naudsynt motorferdsel i samband med aktivitetar nemnd i § 4 g, h, og § 7 a, b, f.
- k) Nødvendig motorferdsel i samband med drift og vedlikehold, samt oppgradering og fornying av eksisterande kraftlinje.

§ 8. (generelle dispensasjonsreglar)

Forvaltningsstyresmakta kan gjere unntak frå forskrifta dersom det ikkje strir mot føremålet med vernevedtaket og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig, eller dersom omsyn til tryggleik eller omsynet til vesentlege samfunnsinteresser gjer det naudsynt, jf. naturmangfaldlova § 48.

§ 9. (skjøtsel)

Forvaltningsstyresmakta, eller den forvaltningsstyresmakta bestemmer, kan setje i verk tiltak for å oppretthalde eller oppnå den natur- eller kulturtilstanden som er føremålet med vernet, jf. naturmangfaldlova § 47.

§ 10. (forvaltningsplan)

Det kan utarbeidast forvaltningsplan med nærare retningslinjer for forvaltning av naturreservatet. Forvaltningsplanen kan innehalde nærare retningslinjer for gjennomføring av skjøtsel.

§ 11. (forvaltningsstyresmakt)

Miljødirektoratet fastset kven som skal vere forvaltningsstyresmakt etter denne forskrifta.

§ 12. (ikraftsetjing)

Denne forskrifta trer i kraft straks.